

## Referat frå årsmøte 2017 i sykkelgruppa i I.L. Harding



**I.L.HARDING**

Møtet vart halde onsdag 07.03.18 kl. 19.00 i Fjordahallen.

4 medlemmer møtte.

### Sakliste:

1. *Godkjenning av innkalling*
2. *Godkjenning av årsmelding 2017*
3. *Informasjon om rekneskap 2017*
4. *Budsjett 2018*
5. *Innkomne forslag*  
*Forslag om å endra tal styremedlemar til 5*
6. *Val*

### Orienteringssaker

*Badevakter*

*Lisensar*

*Treningsopplegg*

- 
1. Innkallinga vart samrøystes godkjend.  
Trond vart valt til ordstyrar
  2. Årsmeldinga vart lagt fram og godkjend.
  3. Rekneskapen skal godkjennast av årsmøtet i hovudlaget, men vart lagt fram for årsmøte som informasjon. For framtida ønskjer gruppa at rekneskapen inneheld ein balanse med inneståande på bank saman med resultatrekneskap.
  4. Styret får fullmakt til å laga budsjett som går i balanse.
  5. Forslag om å endra tal styremedlemar til 5 vart samrøystes vedteke.
  6. Valet gav følgjande resultat:

Leiar for 1 år:	Trond
Nestleiar for 1 år:	Geir
kasserar for 2 år:	Sjur Magne
Styremedlem for 2 år:	Adrian
Sekretær for 1 år:	Harald

Alle val var samrøystes.

### **Utvida styremøte:**

- Færre nyttar seg av badinga, dermed mindre inntekter for heradet og risiko for klubben
- Sykkelgruppa dekkar lisensar og startkontingentar for ryttarar som har gjennomført ritt for IL Harding og som har delteke i å skaffa inn pengar til gruppa.
- Legg opp til 2 fellestreningar (bakketrening måndag og tempo onsdag) kl 18:00 pr veke pluss langtur på søndag. Søndagstrening kl 12 fram til 1. mai, deretter kl 10. Frammøteplass Kinsarvik.

Møtet slutt kl 19:50